

Vindafjord kommune

SAKSPAPIR

SAKSGANG			
Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Formannskapet	10.11.2009	137/09	REB

Avgjerd av: Saksansv.: Reidar Bjordal	Arkiv: Gnr.Bnr-, K2-u43 Objekt:	Arkivsaknr 09/1933
--	---	------------------------------

HØYRINGSBREV - FORSLAG TIL FORSKRIFT OM SÆRSKILDE KRAV TIL AKVAKULTURRELATERT VERKSEMD I HARDANGERFJORDEN

Dokumentliste:

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottakar	Tittel
1	I	23.08.2009	Det Kongelege Fiskeri- og Kystdepartement	HØYRINGSBREV - FORSLAG TIL FORSKRIFT OM SÆRSKILDE KRAV TIL AKVAKULTURRELATERT VERKSEMD I HARDANGERFJORDEN

Saka gjeld:

Framlegg til ny forskrift med føremål *avgrensing* av akvakulturrelaterte verksemder i Hardangerfjorden

Departementet har sendt ut eit høyringsframlegg med føremål mellom anna å avgrensa akvakulturrelaterte verksemder i Hardangerfjorden og ynskjer høyringsinstansane sitt syn på dette.

Høyringsbrevet følgjer saka som vedlegg.

Saksutgreiing:

Departementet skriv i høyringsbrevet at situasjonen for laks – og sjøarebestanden i *Hardangerfjorden* er vanskeleg og at situasjonen krev spesielle forvaltningsgrep.

I denne samanheng ynskjer departementet mellom anna å laga ei eiga forvaltningszone for Hardangerfjorden.

For å få til eit effektivt tiltak, ynskjer departementet at omgrepet *Hardangerfjorden* også skal omfatta *sjøområda nord for Vindafjord kommune inkludert heile Ålfjorden*.

Sjå vedlagde kart.

Forvaltningsmessig ligg i dag desse sjøområda av Vindafjord kommune til Fiskeridirektoratet *region Sør*. Det betyr mellom anna at Ålfjorden si austside (Vindafjord kommune) høyrer til region Sør, men at vestsida av Ålfjorden (Sveio) høyrer til Fiskeridirektoratet *region Vest*. Nå ønskjer altså departementet at heile området vest/nord for Vindafjord (inkl. heile Ålfjorden) skal tilhøyra region Vest sitt forvaltningsområde (Sjå kartet).

Hovudføremålet med den nye forskrifta er å avgrensa oppdrettsvolumet i Hardangerfjorden. Dei nye føresegnene betyr at dagens biomasse i oppdrettsanlegga ikkje skal aukast, men haldast som nå, dvs ca 50000 tonn biomasse.

Dei nye føreskriftene inneheld også avsnitt om brønnbåtar og flytting av fisk

Vurdering:

Det er viktig at levevilkåra for villaksen og sjøauren ikkje vert forverra.. Ei av hovudårsakene til dei vanskelege levevilkåra er rømd oppdrettslaks og store førekomstar av lakselus. Hardangerfjorden er i så måte serleg utsett med mange oppdrett og mange fjordar og elvar som er laks/sjøaure-førande.

I den samanheng må det vera rett at det vert gjort tiltak med føremål å betra vilkåra for villaksen og sjøauren.

Dersom ovannemnde sjøområde i Vindafjord vert ein del av Hardangerfjorden sitt forvaltningsområde, vil dei nye føresegnene vera ei god hjelp med omsyn til å redde villfisken av laks og sjøaure i området..

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Vindafjord kommune støttar Fiskeri – og kystdepartementet sitt framlegg om å leggja nordre delen av Ølen – Vindafjord (inkl. heile Ålfjorden) inn under sone Hardangerfjord og dermed under direktoratet sin forvaltningsregion Vest.

Kommunen støttar også den delen av dei nye føresegnene som set volumavgrensingar for oppdrettsfisk i Hardangerfjordområdet.

10.11.2009 FORMANNSKAPET

Ordførar Arne Bergsvåg (Sp) foreslo:

Vindafjord kommune ser med uro på dei utfordringar det er for å bevare villaksen i Etneelva, og støttar Fiskeri – og kystdepartementet sitt framlegg om å leggja nordre delen av Ølen – Vindafjord (inkl. heile Ålfjorden) inn under sone Hardangerfjord og dermed under direktoratet sin forvaltningsregion Vest.

Kommunen støttar også den delen av dei nye føresegnene som set volumavgrensingar for oppdrettsfisk av laks, aure og regnbogeaure i Hardangerfjordområdet.

FS-137/09 VEDTAK MED 8 RØYSTER:

Ordførar Bergsvåg sitt forslag.

Sjur Heggen (Frp) røysta mot.

FORMANNSKAPET SITT VEDTAK:

Vindafjord kommune ser med uro på dei utfordringar det er for å bevare villaksen i Etneelva, og støttar Fiskeri – og kystdepartementet sitt framlegg om å leggja nordre delen av Ølen – Vindafjord (inkl. heile Ålfjorden) inn under sone Hardangerfjord og dermed under direktoratet sin forvaltningsregion Vest.

Kommunen støttar også den delen av dei nye føresegnene som set volumavgrensingar for oppdrettsfisk av laks, aure og regnbogeaure i Hardangerfjordområdet.

Melding sendt 12.11.09 til:

Eining landbruk for vidare oppfølging